

# K Y R K J E B L A D

## FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 6

Oktober 1994

48. årg.



KPK. NFARÉV 16.44

### Ha takk at eg får tena Deg!

Ha takk at eg får tena Deg!  
Min Gud, her er mi hand.  
Utruleg: Vil du bruka meg?  
Så loys då alle band!

Ha takk at eg får prisa Deg!  
Min Gud, lat opp min munn!  
Utruleg: Vil du hoyra meg?  
Så fyll då hjartegrunn!

Ha takk at eg får fylgja Ddg!  
Min Gud, å, for min fot!  
Utruleg: Vil du senda meg?  
Så gjev meg makt og mot!

Ha takk at eg får elskaa Deg!  
Min Gud, her er min hug.  
Utruleg: Vil du eiga meg?  
Så unn meg dag og dug!

Per Lonning

# TAKK

**Å, var min sjel av takk så full  
som Herrens nåde er meg huld,  
da ble det som han ville:  
Da ble mitt hjertesukk til sang,  
da ble min dag en kirkegang  
fra gry til kvelden silde**

(P. A. Jensen (frå Bergen) stiftsprost i Christiania anno 1860.

Med desse orda av ein velvyrd - og i si tid mykke omstridd - kollega vil eg gjerne seia takk for sju rike år i samver og samarbeid med kyrkjelydane i Bjørgvin. Det er så mange andlet, det er så mange handtrykk, det er så mange gode og venlege ord eg minnest. Serleg inntrykk på meg gjorde på den eine sida møtet med alle dei aktive, ansvarsmedvitne, dei som ber kyrkjelivet med truskap i gudstenestelyd og arbeidslag, på den andre sida med alle borna og dei unge som fylde kyrkjene (eller gymnastikkssalane) ved dei friske, levande skulegudstenestene eg har fått vera med på.

Ikkje mindre må eg takka for det som mi kjære Ingunn og eg har mott av kjærleik og godhug i samband med oppbrotet. Avskildsdagen sundag 28. august vart ei forunderleg god oppleving med den store og levande gudstenestelyden i Domkyrja som sjolve hogdepunktet. Likeeins må eg få takka for alle venlege helsingar: venlege smil, handtrykk, brev, blomar og gåver. Ein serleg takk til kyrkjelydane for den sams gäva: Eg fekk ei festleg bok bunden i skinn, der kvart einskild prestegjeld hadde medverka med ein rapport i ord og bilet. Noko finare minne frå Bjørgvin-åra kan eg ikkje tenkja meg. Like eins fekk eg overrekt eit EDB-anlegg soin eg veit vil koma til stor nytte. Det siste året har eg - takka vere dugelege medarbeidarar på kontoret lært elektronisk teksthandsaming godt nok til at eg alt merkar eg har stor nytte av den nye teknologien, og hadde eg ikkje fått denne sine gäva no, hadde eg vore nøydd til å kjøpa inn eit anlegg sjølv.

Dykkar  
Per Lonning

Sume har spurt meg kvifor det ikkje vart tale om noko målarstykke med portrett av biskopen til opphenging i Domkyrkja eller noko «pensjonistkross» med kjede som eg kunne bera no eg gjev Johan Nordahl Brun sin bispekross frå 1815 ifrå meg til etterfylgjaren. Til dette er å seia at eg sjølv ville det slik. Der heng alt eit målarstykke av meg i Domkyrkja frå mi domprosttid, og eg har ikkje vorte så mykje fagrare i mellomtida at det ville gagna ettermælet om dette dynamiske portrettet Bjorn Tvedt måla i 1969, skulle få eit gamalt, grånde andlet til motstykke. Då er det beste å foya bispeåra mine til på den vesle plaketten som alt står på dette måleriet. Og når det gjeld bispekross, så har eg alt i forvaring ein, denamma står inngraverte til Andreras Fleische, Karl Martinussen og Ragnvald Indrebo, og det ville vera ei ære for meg med tida å sjå mitt eige namn saman med desse. Det er difor eg sjølv som här bede om at det ikkje skulle investerast i korkje protrett eller bispekross no.

Vidare fekk eg frå medarbeidarar, dei kyrjeleg tilsette rundt i bispedomet, eit fin målarstykke av Domkyrja i Bergen utført av kunstnarinnen Lise Landmark. Med dei sterke kjensleband som knyter meg til denne kyrja både frå domprosttida (1964-69) og no sist fra bispeåra, var dette ei serleg kjær gave, som eg også takkar for av hjarta.

Det er med tryggleik og glede at eg no overlet bispestolen til etterfylgjaren min, Ole Danbolt Hagesæther, som eg har kjent gjennom mange år. Mellom anna var eg ein av dei som hadde glede av å leggja handa på hovudet hans da han i si tid vart prestevigsla i Bergen Domkyrkje, og eg opplever difor på ein serleg mate det kyrja frå gammalt har kalla ein «suksjon»: ei rekkefolge, ein stafett av bodberarar som strekkjer seg fra generasjon til generasjon gjennom alle dei kristntider.

Guds signing over tenesta til den nye biskopen - Guds signing over Bjørgvin bispedome i tida som kjem!

## HELSING

I hove avgangen til biskop Lønning var Vaksdal Prestegjeld med på ei bokleg helsing til biskopen. Kvart prestegjeld hadde to sider. Frå vårt prestegjeld var det naturleg å ta med ord og bilet frå visitasen i april 1988. I tillegg til dette skreiv Kjell Arne Norum eit dikt til Lønning som me vil ta med her:

Fjordar, fjell og lange dalar,  
kyrkjer sju der Guds ord talar  
tukt og trøyst i sut og hell -  
det er Vaksdal prestegjeld.

Vi takkar Gud, vår gode far  
i tenesta vi saman har  
for rett og sanning - glede! - fred!  
Han gjev oss liv og mot og mèd!

No helsar vi til bispen vår  
og ønskjer rike, gode år.  
Takk, bisp, for alt du gav av godt  
- av kjærleik til vår store drott.  
Guds fred for kona di og deg -  
i tida her og æveleg

## TV-AKSJON 1994 - søndag 6. november

### Det handlar om menneskeverd

Den årlege TV-aksjonen er i år gjeven til Norsk Folkehjelp. Samhald, solidaritet og menneskeverd har vore berebjelkar for denne organisasjonen sidan den tok opp arbeidet i 1939. No ber den om støtte til naudhjelp og kamp mot fattigdom.

Egentleg handlar denne aksjonen om å ta medmenneske på alvor. Fortviling over nauda i verda kan få konstruktivt uttrykk i nestekjærleik. Det er fint å oppleva desse sondagane om hausten: Alle slags dører vert opna: Gatedører og hjartedører, det merkar dei som går med bossene. Eg vil be om at alle oppgående nordmenn med syn for nauda hjå andre menneske, tenkjer gjennom om dei ikkje skulle meldt seg som bøsseberarar den dagen!

Vi kjenner Norsk Folkehjelp sitt arbeid i Bosnia-Hercegovina, i Angola og Chile. Her heime har

mange av oss merkt seg innsatsen for støttesentralar og asylmottak. Varm støtte frå den nye Bjørgvin-bispen! Norsk Folkehjelp har planane klare. Vi kan vera med på å få dei til å henda! Lukke til!

Ole D. Hagesæther

## Prostidag i Norheimsund

Dei planlagde prostidagane i Hardanger og Voss prosti i år blei til ein dag, laurdag 17. september. Då var vi inviterte til Norheimsund kyrje, og temaet for dagen var «Ung i gudstenesta». Programmet var føredrag og verkstader der ein arbeidde med song og musikk, drama, bøn og forkynning i gudstenesta. Morgonbøn og nattvergdugsteneste var det også, i tillegg til matøkter og nokre pausar.

Frå Vaksdal prestegjeld reiste 16 personar, og vi var heilt klårt det best representerte prestegjeldet. Og det var omtrent berre vi som var representerte med ungdomar denne dagen, sjølv om temaet skulle vera aktuelt nett for dei unge.

Kva som kjem ut av av prostidagen vil syna seg etter kvart. Det må vere eit mål at vi kan gjera det slik at dei unge kan finna seg til rettes i gudstenesta. Eigentleg slik at så mange som mogleg kan gjere nettopp det.



## INNSETJINGS-GUDSTENESTA

Etter at sokneprest Frode Kvamsoe hadde «tjuvstarta» med ei gudsteneste på Nesheim 21. august var dagen kome for innsetjingsgudsteneste. 28. august. Heile 186 personar var motte fram i Dale Kyrkje. Prost Knut A. Knutsen stod for den formelle innsetjinga og overrakte Kvamsoe kollasen, tilsetningsbrevet, frå biskop Per Lønning. I kollasen går det fram at Kvamsoe er retteleg kalla prest i kyrkjelyden og at kyrkjelyden vert bedne om å ta i mot presten og syna han den vordnad og kjærleik som ein kristen kyrkjelyd er sin Herres tenar skuldig. Knutsen nytta hove til a ynskja presten velkommen i prestegjeldet.

Dale Mannskor deltok også under leiing av Lars Ragnvaldsen.

## Elska fiendane dykkar

I preika si tok Kvamsoe utgangspunkt i Matt. 5. 43-48 der det står at me skal elsa fiendane våre og ta oss av dei som forsygjer oss. -Me har vel alle nokon me ikkje likar, sa Kvamsoe, alltid nokon som hakkar på og kritiserer oss. Me må elsa dei. teksten handlar om kjærleik. Ta dykk av dei farlause og innvandrarane vis dei til rette. Kjærleiken var bor vera konkret og visa seg i handling. Bc for andre da er det ikkje berre dei mē ber for som vert lagde fram for Gud, me sjolve vert lagde opp fram for Jesus, sa Kvamsoc.

Jesus doydd for alle og framfor Gud star me alle likt. Guds kjærleik er stor nok for alle, sa Kvamsoc.

## FEST

Etter gudstenesta var folk fra heile prestegjeldet inviterte til fest på Stanghelle Bedehus. Bedehuset var meir enn fullt og der fekk me servert betasuppe, kaker, kaffi og saft. Elevar fra 1.-3. klasse ved Stanghelle Skule hadde pynta opp med bilte om skapingshistoria. Elles deltok born med song og Anc Laastad Dyrvik sytte for sin pianomusikk og ei gruppe leia av Einar Mjelde song.

## Helsingar

Fyrste mann på helsinglista var Reidun Takvam som er formann i Dale Sokneråd og i Fellersrådet. Ver hjarteleg velkomen, me er glade for at du valde oss, sa Reidun mellom anna. Ordforar Otto Berg helsa frå Vaksdal Kommune. Arne Verpelstad helsa frå Indremisionane i Vaksdal. Gudrun Boge Karlsen helsa frå Vaksdal. Trygve Urhaug helsa frå frikyrkjelydane i Vaksdal. Dag Inge Dæmring helsa frå det kristene skulelaget og Arne Normann frå sondagskulelaget. Dei bar alle fram varme og gode ord. Forutan desse var to prestar på talarlista, det var bror til Kvamsoe, Arne Dag, som er prest på Finnoy og Olga Fjose.

Eli Kringlebotten hadde fått i oppdrag å helsa prestefrua. Kristi Kvamsoe, hjarteleg velkomen. Frode Kvamsoe takka for alle godorda, dei vermede godt.

Til slutt helsa Kjell Arne Norum med eit ord frå 1. Kronikarbok.



Kristi Kvamsoe fekk velkomst ord og blomar fra klokkar i Dale Kyrkje Eli Kringlebotten.  
(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Frode Kvamsoe framme til høgre saman med familie og folk frå Vaksdal prestegjeld.

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Borna song under leiing av Merete Kjelby

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Fyrste gudstenesta til Kvamsøe i Vaksdal kommune var på Nesheim 21. august. Her er fra samlinga etterpå på Bergo skule.

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

## SØNDAGSKULENS DAG

Sondag 11. september var folk frå fleire stadar i Vaksdal samla til Sondagsskulens Dag i Bergsdalen Kyrkje.

Krinssekretær Nils Arne Lavik og Kjell Arne Norum deltok under gudstenesta.

I talen tok Lavik for seg teksten om modrene som kom til Jesus med borna. Læresveinane ville hindra dei, men da vart Jesus harm, lat smaborna kóma til meg. Jesus er glad i oss same kor sma eller store me er, sa Lavik.

### Velsigning

Jesus er ikkje ferdig med a velsigna oss. Nei det held han på med heile livet. Me vert aldri så store at me kan klara oss sjølve, me treng alle barnetrua i oss. Ikke så a forsta at me ikkje skal veksa som kristne, men la Jesus vera den store og faste haldepunkdstet i livet vårt. Lat oss aldri hindra nokon i å koma til Jesus, sa Lavik.

### Mat og leik

Etter gudstenesta var det matokt i kyrkjesalen i kjellaren og leik ute i det fri. Etter dette vart det heile avslutta med ei songstund der Nils Arne Lavik fortalte om 150-arsjubileet til sondagsskulen i Noreg.

### Regn med søndagsskulen

Slagordet «Regn med søndagsskulen» fekk verkeleg meinings på jubileumsfeiringa på Torgalmenningen i Bergen laurdag 10. september. Nokre frå Vaksdal kommune saman med ei mengd andre sondagskuleborn, foreldre og besteforeldre hadde funne vegen til Bergen i ausande regnver. Arild Sondre Sekse leia det heile og Ingelin og Hildegunn Reigstad med forldra, koret «Levand Lys» fra Frekhaug og Bjarte Leithaug sytte for song. Ingmar Ljones helsa fra Bergen kommune og overrekte ei pengegåve på 5.000. Omlag 15.000 kom inn i kollekt og festen kom ut med overskot, sa Nils Arne Lavik.



Mat og drikke må til på Sondagsskulens Dag

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)



Sondagsskuleborn og vaksne frå Vaksdal kommune i storm og blest på Torgalmenningen.

(Foto: Ragnvald Kringlebotten)

## BISPEINNSETJING

Sondag 18. september rann med strålende ver, og folk fra heile bispedomet samla seg i Domkyrkja i Bergen for a oververa innsetjinga av den nye biskopen, Ole Danbolt Hagesæther. I tillegg var det geistlege gjester frå Norden og England. Styresmaktene var representerte og frå konghehuset motte Kong Harald.

Ein av gjestene var fra Vaksdal prestegjeld og det var klokkar i Dale kyrkje. Eli Kringlebotten.

-Kva tankar gjorde du deg når du fekk spørsmål om a reisa?

-Eg såg på det som stor ære og glede å få høve til å representera prestegjeldet vårt på denne måten, seier Eli Kringlebotten.

-Kva sit sterkest att etter gudstenesta?

-Det som gjorde mest inntrykk, var at me vart så sterkt minna om kor viktig det er å be for vare overordna i kyrkja. Biskopen slutta også preika si med å spesielt be om forbon frå kyrkjelydane. Ein annan ting som gjorde sterkt inntrykk var den levande og samstemte salmesongen, og songen til Bergen Domkantori som vart leia av Magnar Mangersnes.

## FEST

Kva skjedde etter gudstenesta?

-Da sto bussar klare for a frakta oss til Hakonshallen der det skulle vera festsamkome. Kan du nemna noko av programmet der?

-Der fekk me servert kaldrett, dessert og kaffi. Dessutan var det tale av Kong Harald som ynskte den nye biskopen til lukke med arbeidet. Vidare var det helsingar fra varaordforar Ingmar Ljones, statsrad Gudmund Hernes, leiar i Bispedomeradet Helga Hjetland, leiar i kyrkjeradet Oddbjorn Evenshaug og ein representant fra dei nordiske biskopane.

Vidare fekk me song av Harald Bjarkøy akkompagnert av Turid Bakke Braut.

## Oppgåve

-Du fekk ei utfordring av prerstane for du drog, kva gjekk den ut på?

-Dei utfordra meg til å fa teke eit bilet av den nye biskopen og meg til bruk i kyrkjebladet, seier Eli.

Som me kan sjå gjekk det greit og kyrkjebladet takkar for at du tok den utfordinga på strak arm.

(R.K.)



Biskop Ole D. Hagesæther saman med Eli Kringlebotten.  
(Foto: Ukjent)



## BARNESIDE

### NÅLA PÅ JAKKEKRAGEN

av Frida Blaker  
tidlegare redaktør i Blåveisens

Lyset vekte meg. Eg fekk den blågrøne morgonhimmelen midt i fleisen. Eg drog dyna godt over hovudet og døste av. Senga kjendest alltid herleg på denne tida av døgeret.

Ei stund seinare tusla eg, med hendene djupt i jakkelommene, over tunet mot Kvitesalen. Det var morgenbon kvar dag på leiren, og endå eg kjende meg troytt i dag og helst ville sove litt lengre, visste eg at eg måtte gå dit. -Bøn er viktig, sa Kari alltid. -Du kan ikkje pusta som ein kristen utan bøn.

Eg smilte litt før meg sjølv og keik opp mot skogen. Så nydeleg! Grantrea stod tunge og lydlause. Over toppane låg rosa hattar av sno. Morgonsola hadde stått opp over åskammen i

### KATT

Klipp ei papirremse, ca. 20 cm lang og 5 cm brei. Teikn eit hovud i den eine enden og klipp varsamt rundt øyrene. Lag eit hol i den andre enden av papir remsa. Barten til katten lagar du av garn. Lim ei perle på til snute. Fest ein garnende til perla. La snora gå inni katten og gjennom holet bak. La garnet hengja eit stykke bakover, så har katten fatt hale. Dersom du dreg alen, skyt katten rygg.

aust og kasta strålane mot skogen på vestsida. Mange, mange var på veg inn i Kvitesalen. Alle var stille. Det var høgtid.



I det eg sette beinet på første trappesteget, såg eg det. Der stod Kjell, midt imot meg. Han smilte.

-God påske, Frida!

Men det var ikkje Kjell eg såg. Eg høyrde nesten ikkje kva han sa. Augo mine festa seg ved ei stor nål han hadde på jakkeslaget. **JESUS LEVER**, stod det på nala.

Jesus lever! Jesus lever! Det song inni meg. Alt vart på ein augeneblikk liksom heilt, heilt lyst. Alt det morke og triste med synd og død og slikt var borte vekk!

Nett den morgonen vart eg heilt sikker. Jesus lever! Eg visste det var sant. Jesus vann over synda. Jesus vann over doden. Han gjorde det for meg



## FORBØN I KYRKJA

Me tek oppatt ei innbyding som alltid står ved lag: Om nokon ynskjer forbøn i kyrkja, så gjev beskjed til prestane på forehand. Då tek me det med i forbona under gudstenesta. Det kan godt skje utan at namnet vert sagt - ofte vil det vera naturleg slik.

Me tek òg imot forslag til aktuelle ting å be for elles. Eller kanskje det er noko me skal takka for saman?

Slå på tråden, eller snakk med oss i litt god tid før gudstenesta tek til!

Prestanc

## FREDAGSSAMLING

I haust vert det litt annleis med nattkafear. På spørsmål til Einar Mjelde får kyrkjebladet vita at det skal berre vera 3 nattkafear for jul, nattkafeane skal vera på fredagar. Den siste i desember vert på Stanghelle Bedehus med fest.

Dei fredagane det ikkje vert nattkafé skal det vera samling i Vaksdal kyrkje kl. 18 der ein skal syngja seg saman for ein samlar seg i bedhuskjellaren på Vaksdal til bibelgruppe omlag kl. 20.

Mjelde oppmodar til å fylgia med på oppslag for tidspunkt om nattkafé og songsamling. Nattkafeane vert som vanleg kl. 21.

## ORGELGÅVE

Bergsdalen Soknerad har eit gammalt orgel som star i kyrkjellaren. Nå vil dei gje det bort. Det er eit cliktrisk orgel - 3-fase straum. Orgelet er ikkje i full stand og må sikkert reparerast. Interesserte kan venda seg til Lise Lotte Smabrekke tlf. 56 59 89 68.



## KYRKJEKONSERT

Kordial skal i november ha to kyrkjekonserter.

Den første vert i: **Vaksdal kyrkje**

**laurdag 19. november kl. 17.00**

Den andre vert i: **Stamnes kyrkje**

**søndag 20. november kl. 17.00.**

Dirigent: Randi Rimabareid.

Solist: Tone Kristiansen.

Pa orgel: Julia Harbrecht

Alle er hjarteleg velkomne.

## SLEKTERS GANG

### DØYPTE



### DALE

11.09 Adrian Rorgard Simmenes

11.09 Elise Kalvik

11.09 Sandra Seim Myklebust

### VAKSDAL

21.08 Ruben Marcel Skage Solheim

04.09 Aleksander Stanghelle Bruvik

### STAMNES

25.09 Robert Dyvik

25.09 Iselin Dæmring Hagen




## VIGDE



### DALE

10.09 Johannes Arne og  
Torbjorg Irene Rodberg Arne



## AVLIDNE



### DALE

01.07 Johan Fyllingslid f.1910

12.09 Ingeborg Øpsen

### VAKSDAL

11.08 Josefine Skulstad f.1901

27.08 Obert M. Herfindal f.1912

01.09 Johannes Nicolai Pahlm f.1923

09.09 Kristian A. Audestad f.1923

### STAMNES


23.08 Randi Brorvik f.1939

22.09 Karsten Kulshamar f.1921

2.09 Kåre Peder Klausen f.1917

### EKSINGEDELEN

27.08 Ragnhild Flatekval f.1917



## STOFF TIL NESTE NR.

(julenummer) må vera kome redaktøren i hende innan 14. november 1994.

Bladet kjem ut i veke 50 som byrjar med 12. desember.  
Ragnvald

## Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale. Avtal helst på forehand. Prestane har teieplikt.

## Vaksdal prestegjeld

Sokneprest

Frode Kvamsøe tlf. 56 59 61 20.

Res. kap. Kjell Arne Norum

tlf. 56 59 70 88 Mobiltlf.: 945 02992.

Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag og torsdag kl. 9-13.

HUGS. mandag er presten sin fridag.

## KYRKJEBLADE FOR VAKSDAL

Utgjevar: Soknerada

Bladpengar: kr. 60.-

Annonsepris: kr. 2.20 pr. sp. mm.

Postgiro: 0808 57 23 4 73

Bankgiro: 3500.50.13 117

Bladstyrar: Ragnvald Kringlebotten.

5273 Stanghelle. Tlf. 56 59 51 81.

Kasserar: Asle Georg Karlsen. Boge.

5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.

Eksp. og trykk: Øystese Trykkeri A/S.

5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S.

5610 Øystese.

## VELKOMEN TIL KYRKJE



### 23.oktober - 22.søndag etter pinse

**DALE** kl.11.Fam.gudst.Norum.Utdeling av»Vener i kyrkja» til 2.kl.Offer til IKO.  
**NESHEIM** kl.11.Kvamsøe.Nattverd.Offer til Den Norske Santalmisjon.

### 30.oktober - Bots- og bededag

**VAKSDAL** kl.11.Norum.Nattverd.Offer til Den Norske Sjømannsmisjon.  
**STAMNES** kl.11.Kvamsøe.Nattverd.Offer til Folkebevegelsen for Livsrett og Menneskeverd. **STANGHELLE** kl.18.Norum.Nattverd.Offer til Norsk Misjon i Øst.

### 6.november - Helgemessesøndag

**DALE** kl.11.Norum.Nattverd. Offer til Kirkens SOS.  
**EIDSLAND** kl.11.Kvamsøe.Nattverd. Offer til Det Norske Bibelselskap.  
**VAKSDAL** kl.18.Musikkandakt.Kvamsøe.

### Onsdag 9.november

**STAMNES** kl.19.30  
Musikkandakt.Kvamsøe.

### 13.november - 25.søndag etter pinse

**VAKSDAL** kl.11.Kvamsøe.Nattverd.Offer til Norsk Lærarakademi.  
**EKSINGEDEALEN** kl.16.Kvamsøe.Nattverd. Offer til Soknerådet.

### 20.november - siste søndag i

#### kyrkjeåret

**DALE** kl.11.Fam.gudst.Kvamsøe.Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4 åringer.Offer til Sondagskulane på Dale og Stanghelle.  
**STAMNES** kl.11.Norum.Nattverd.Offer til Norsk Misjon i Øst.  
**BERGSDALEN** kl.16.Norum.Nattverd.

### 27.november - 1.søndag i advent

**NESHEIM** kl.11.Fam.gudst. Norum. Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4 åringer.Offer til Den Norske Santalmisjon.

**VAKSDAL** kl.18.Lysmesse.Norum.

### Laurdag 3.desember

**BERGSDALEN** kl.16.Lysmesse.Kvamsøe.  
**STAMNES** kl.17.Lysmesse.Norum.

### 4.desember - 2.søndag i advent

**VAKSDAL** kl.11.Norum.Nattverd.  
**DALE** kl.18.Lysmesse.Kvamsøe.

### Fredag 9.desember

**GRØSVIK GRENDAHUS** kl.16.30  
Adventmøte.Norum.

### Laurdag 10.desember

**DALE**.Konsert.

### 11.desember - 3.søndag i advent

**DALE** kl.11.Norum.Nattverd.  
**EKSINGEDEALEN** kl.11.Kvamsøe.Nattverd.  
**VAKSDAL** kl.18. Julekonsert.Norum.

### 18.desember - 4.søndag i advent

**EIDSLAND**  
**KL.**11.Fam.gudst.Norum.Utdeling av «Barnas Kyrkjebok» til 4 åringer.Offer til Kirkens Nødhjelp.  
**DALE** kl.18.Julekonsert.